

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	01.10.2025
Vår referanse	2025/30976-6
Dykkar referanse	e05fbed9-3de8-4396-be32-
Sakshandsamar	046b817371d1
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringssvar på vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk, NVE-ref.: 202506002

Samandrag av innspel

Vestland fylkeskommune vurderer at tiltaket ikkje kjem i konflikt med kjende kulturminne, men ber om god landskapstilpassing. Vassmiljøet vil bli påverka ved endra vassføring, men endringane er truleg ikkje vesentlege for aurebestandane. Det blir tilrådd prøvefiske etter gjennomføring for å avdekke eventuelle effektar. Tiltaket vil ikkje forverre den allereie dårlege økologiske tilstanden i vassførekomstane, men slepp av minstevassføring kan bidra til betring.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyring frå NVE om vurdering av konsesjonsplikt Insteelvane kraftverk. Insteelva og Kringsjåvatnet vart på 1960-talet overført til Bjørndalsvatn gjennom ein felles overføringstunnel. Fallet frå inntaket i Insteelva til Store Øksendalsvatn er no planlagt utnytta gjennom bygginga av Insteelvane kraftverk. Det er planlagt å etablere ny sperredam (maks høgde 2 m og lengde 70) nedstraums inntaket, og oppdemt volum er anslått til ca. 5 500 m³. Ny vassveg er planlagt kobla på eksisterande overføringstunnel aust for dam ved Bjørndalsvatn. Kraftstasjonen er planlagt like ved dagens Bjørndalen kraftstasjon, og ny tilkomstveg etablerast frå den. Det nye kraftverket vil få ein installert på 8,7 MW, og kraftproduksjonen blir i snitt på 13,1 GWh per år.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturlandskap

Vestland fylkeskommune ser ikkje at tiltaket som er det er søkt om kjem i konflikt med kulturmiljø frå nyare tid i dette område. Potensiale for å finne automatisk freda kulturminne i området vurderast òg som liten. Vi vil likevel be om at det bygg og andre tiltak, vert tilpassa det opne og sårbare landskapet så godt som mogleg.

Vassmiljø

Den planlagde overføringa av vatn til Insteelvane kraftverk vil ikkje føre til endring av vassføringsregime i høve til dagens situasjon for Insteelva eller Midtelva. Med grunnlag i at omsøkt tiltak vil føre vatnet frå Insteelva og Kringsåvatnet i røyrgate til ny kraftstasjon og ikkje med overføring til Bjørndalsvatnet, som i dag, vil det verte endringar i vassføring i dette området. Dette området vil slik sett ikkje vere tilgjengeleg som eventuelt gyteområde i framtida. Prøvefiske har vist at det er aure i

Bjørndalsvatnet, og rekrutteringa i hovudsak skjer i tilløpsbekker i sør. Tiltaket vil også føre til endringar i vassføring til Storevatnet, men denne elvestrekninga er sterkt regulert også i dag. Endringane tiltaket fører med seg, vil truleg ikkje påverke aurebestandane i vesentleg grad. Vi meiner likevel at det bør gjennomførast prøvefiske i vatna nokre år etter at tiltaket er gjennomført for å avdekke eventuelle negative effektar av tiltaket.

Om miljømål og vassforskrifta

Både Midtelva og Insteelva er sterkt modifiserte vassførekomster i dag, med svært dårleg økologisk tilstand. Det omsøkte tiltaket vil ikkje endre på dette. Den økologiske tilstanden til desse vassførekomstane vil kunne betrast ved slepp av minstevassføring.

Sakshandsamarar for fagområda:

- Automatisk freda kulturminne – Birgit Tansøy
- Nyare tids kulturminne – Berit Høivik
- Vassmiljø – Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BREMANGER KOMMUNE

Postboks 104

6721

SVELGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER